

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 168/2011

2016/EØS/12/15

av 23. februar 2011

om endring av forordning (EU) nr. 107/2010 med omsyn til bruken av tilsetjingsstoffet *Bacillus subtilis* ATCC PTA-6737 i fôr som inneheld maduramicinammonium, monensinnatrium, narasin eller robenidinhydroklorid(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtarne:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I medhald av forordning (EF) nr. 1831/2003 er det mogleg å endre godkjenninga av eit tilsetjingsstoff i fôrvarer etter oppmoding frå innehavaren av godkjenninga og på grunnlag av ei fråsegn frå Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «styresmakta»).
- 3) Mikroorganismepreparatet av *Bacillus subtilis* ATCC PTA-6737 vart godkjend for bruk i ti år for oppføringskjuklingar ved kommisjonsforordning (EU) nr. 107/2010⁽²⁾.
- 4) Innehavaren av godkjenninga søkte om ei endring av godkjenninga av *Bacillus subtilis* ATCC PTA-6737, slik at preparatet kan nyttast i fôr som inneheld koksidiostatikaa

maduramicinammonium, monensinnatrium, narasin eller robenidinhydroklorid, for oppføringskjuklingar. Innehavaren av godkjenninga sende inn relevante opplysningar til støtte for denne søknaden.

- 5) I ei fråsegn av 7. oktober 2010 slo styresmakta fast at tilsetjingsstoffet *Bacillus subtilis* ATCC PTA-6737 er kompatibelt med maduramicinammonium, monensinnatrium, narasin eller robenidinhydroklorid⁽³⁾.
- 6) Dei vilkåra som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte.
- 7) Forordning (EU) nr. 107/2010 bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegget til forordning (EU) nr. 107/2010/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 23. februar 2011.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnngjord i EUT L 49 av 24.2.2011, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 125/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 5.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ TEU L 36 av 9.2.2010, s. 1.

⁽³⁾ *EFSA Journal* 2010, 8(10):1863.

VEDELEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegnar	Godkjenninga gjeld inntil
						KDE/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 %			
4b1823	Kemin Europa NV	<i>Bacillus subtilis</i> ATCC PTA-6737	Samansetnaden til tilsetjingsstoffet Preparat av <i>Bacillus subtilis</i> ATCC PTA-6737 som inneheld minst 1×10^{10} KDE/g tilsetjingsstoff Karakteristikk av det aktive stoffet Sporar av <i>Bacillus subtilis</i> ATCC PTA-6737 Analysemetodar (1) Teljing: platespreingsmetoden med bruk av trypton-soya-agar med førevarming av føvareprøvene Identifikasjon: pulsfelt-gelelektroforese (PFGE)	Oppføring- kjøkklingar	—	1×10^7	—	1. Bruksrettleiinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur, lagringstid og pelleteringsstabilitet. 2. Kan nyttast i føvare som inneheld dei godkjende koksidiostatikaa: diclazuril, dekokinat, salinomycinatrium, lasalocid, narasin/nicarbazin, maduramicinammonium, A-natrium, monensinnatrium, narasin eller robemidinhydroklorid.	1.3.2020

Kategori: avlstekniske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: middel som stabiliserer tarmfloraen(1) Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet til Fellesskapet: www.irmm.jrc.be/crl-feed-additives